



Samferdselsdepartementet

Vår ref:

Sak: 25/3545 JpID: 26/35074 Sbh: EHA

Dykkar ref.

Dato:

01.07.2026

Brev til Samferdselsministeren- framdrift må sikrast**Frå plan til gjennomføring – no må vi byggje meir og planleggje mindre**

E39 er den viktigaste transportåra på Vestlandet. Ho bind saman menneske, arbeidsmarknader, næringsliv, hamner og beredskap frå Kristiansand til Trondheim. Kvar ny strekning gjer Vestlandet meir samanhengande og styrkjer konkurransekrafta til ein landsdel som skaper store verdiar for Noreg gjennom sjømat, maritim industri, energi og eksportretta næringsliv.

E39 Storehaug–Førde er eit modent prosjekt med brei politisk oppslutning. Prosjektet er ferdig regulert, kvalitetssikra og prioritert i Nasjonal transportplan. Likevel står det no i fare for å bli sendt tilbake til ein ny reguleringsprosess. Vi meiner tida er inne for å velje gjennomføring framfor endå meir planlegging.

Storehaug–Førde illustrerer eit grunnleggjande paradoks i norsk samferdselspolitikk. I 2018 vart prosjektet kostnadsoptimalisert, mellom anna ved å redusere tunnelen frå to løp til eitt. Målet var å redusere kostnadene. Sidan den gong har prosjektet vore gjennom nye optimaliseringar og fleire år med planlegging. Samstundes har prisvekst og nye krav ført til at kostnadene har auka. No blir prosjektet igjen møtt med krav om ytterlegare kostnadsoptimalisering. Den største kostnadsdrivaren er ikkje lenger prosjektet. Den største kostnadsdrivaren er tida.

Vi risikerer å optimalisere prosjektet på papiret, samstundes som vi gjer det dyrare i røynda. Innsparingane frå tidlegare optimaliseringar blir gradvis etne opp av prisvekst og forseinkingar. Samstundes inneber dei føreslåtte endringane ei dårlegare vegløyising. Flytting av tunnelinnslaget vil gi større stiging og fleire avvik enn den regulerte løysinga, noko som særleg er uheldig for tungtransporten på E39. Ny reguleringsplan vil difor ikkje berre føre til fleire år med utsetjing, auka usikkerheit og risiko for at prosjektet mistar framdrift og prioritet. Den nye løysinga vil gje ei løysing med lågare kvalitet enn den som allereie er vedteken.

Vi ber difor om at Samferdselsministeren og regjeringa legg til rette for at E39 Storehaug–Førde blir ført vidare innanfor gjeldande reguleringsplan, og at nødvendige kostnadsreduksjonar blir løyste utan tiltak som stoppar framdrifta. Dersom regjeringa

meiner alvor med målet om å bruke mindre tid på planlegging og meir tid på bygging, er Storehaug–Førde eit naturleg prosjekt å vise det i praksis.

Legg ved fråsegner og brev som er relevante til saka.

Med venleg helsing

Leif Jarle Espedal
Politisk leiar, Region Fjordane

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgje referansenummer 26/35074 dersom du tek kontakt med oss.

Kopi til:

Bård Hoksrud
Erling Sande
Ingrid Dahl Hovland
Marius Dalin
Stig Even Lillestøl
Torbjørn Vereide
Transport- og
kommunokasjonskomiteen

Vedlegg:

Brev til Samferdselsministeren frå Sogn og Fjordane Næringsråd	1869600	01.07.2026
Uttale om framdrift og finansiering for E39 Storehaugen–Førde (Sunnfjord kommune)	1869601	01.07.2026